

*VINDAFJORD KOMMUNE*

KONTROLLUTVALET SI  
ÅRSMELDING  
FOR 2010

---



KONTROLLUTVALET  
VINDAFJORD KOMMUNE

---

## 1. INNLEIING

---

Kommunelova kapittel 12 handlar om internt tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal føra det løypande tilsyn (§ 77). Kontrollutvalet er altså eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll. I følgje kommunelova § 77 pkt 6 skal ”*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget*”.

---

## 2. MEDLEMMENE I UTVALET

---

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret.

For perioden 2007-2011 har Vindafjord kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

### **Faste medlemer**

Øyvind Haraldseid - leiar  
Karin Kolltveit - nestleiar  
Nils Terje Oma  
Margrethe Veim ( frå hausten 2010)  
Per Bakkedal

### **Varamedlemer:**

1. Arne Matre  
2. Anita Heggebø  
3. Einar Halleland  
4. Trygve Sandvik  
5. Trine Sørensen

Øyvind Haraldseid og Per Bakkedal sit i kommunestyret.

I møte 27.10.09 blei Margrethe Veim vald som medlem i i utval for oppvekst og omsorg i Gerd Kvamme si permisjonstid. Ho hadde fritak som medlem i kontrollutvalet i 1 halvår 2010. Margit Rødne vart valt som ny medlem, men det synt seg at ho ikkje var valbar avdi ho var tilsett i Vindafjord kommune. Arne Matre som er 1 . varamedlem vart difor kalla inn til møta våren 2010.

---

## 3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2010

---

Kontrollutvalet har i 2010 hatt 3 møte fordelt på to møter første halvår og eit møte andre halvår. Utvalet har handsama 14 saker. Oversyn over sakene følgjer som vedlegg.

Møta i kontrollutvalet er haldne for lukka dører i samsvar med kommunelova § 77 nr 8.

Øyvind Haraldseid og Karin Kolltveit deltok på kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund 03.-04.02.10 på Gardermoen. Nils Terje Oma deltok på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn 02.-03.06.10.

---

## 4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

---

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

#### **4.1 REKNESKAPSREVISJON**

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet har handsama kommunen sin årsrekneskap for 2009 og har gitt sin uttale til årsrekneskapen til kommunestyret.

Skatterekneskapen for 2009 har vore lagt fram for utvalet til orientering.

#### **4.2 FORVALTNINGSREVISJON**

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret. Vindafjord kommunestyret vedtok plan for forvaltningsrevisjon i 2009.

I møte 21.10.09 godkjende utvalet prosjektplan for eit prosjekt med følgjande formål: Kvalitet i pleie- og omsorgsarbeidet. Korleis sikrar kommunen at krava i kvalitetsforskriften vert oppfylt? I kva grad er brukarane nøgde med tenestene?

Prosjektet vart ikkje ferdigstilt i 2010, men det vert lagt opp til behandling av rapporten på første møte i 2011.

Kontrollutvalet tinga i sitt møte 10.03 2010 eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på området kommunal sakshandsaming, spesielt retta mot sakshandsaming etter plan- og bygningslova. Tinginga er ikkje iverksett enda i påvente av at forvaltningsrevisjonsprosjektet i pleie og omsorgssektoren skal ferdigstillast.

#### **4.3 SELSKAPSKONTROLL**

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2008-2011 og retningslinjene for selskapskontroll ble vedtatt av kommunestyret 2009.

Kontrollutvalet vedtok i 2009 å gjennomføre selskapskontroll i Haugaland Kraft AS, saman med dei andre eigarkommunane. Rapporten vil være klar til handsaming på første møte i 2011.

Kontrollutvalet har tinga selskapskontroll av HIM IKS saman med dei andre eigarkommunane. Rapport er venta 1 halvår 2011.

#### **4.4 TILSYN MED REVISOR**

Vindafjord kommune deltar i dag i en interkommunal revisjonsordning saman med Bokn, Etne, Karmøy, Sauda, Suldal, Tysvær, Utsira, og Sveio. Kommunane har forplikta

seg til å bruke Haugaland kommunerevisjon (HKR) for ein periode på 4 år fram til 31.12.11.

Styret for Haugaland kommunerevisjon har lagt fram sak om samanslåing med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR), som også er eit interkommunalt § 27-samarbeid mellom kommunane Eidfjord, Jondal, Odda, Ullensvang, Ulvik og Voss. Denne saka har vore handsama av kontrollutvalet og utvalet har gitt innstilling til kommunestyret om å godkjenne samanslåinga. Kommunestyret vedtok kontrollutvalet si innstilling om samanslåing av revisjonane i sitt møte 13. april 2010.

Kommunestyret slutta seg til innstillinga om samanslåing og godkjenning av vedtekter i møte 10.05.10, sak 21/10. Det samme vedtaket har dei andre kommunane fatta. For kommunane i IHR samarbeidet er det venta at det vil kome ei avklaring i vår. Karmøy kommunestyre vedtok 14.12.10 å sei opp revisjonsavtalen. Ei avklaring om framtidig revisjonsstruktur må difor komme i løpet av 2011.

Revisjonssjefen for IHR har i 2010 vore oppdragsansvarleg revisor. Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter, og revisor har deltatt på to av kontrollutvalet sine tre møte. Kontrollutvalet har behandla uavhengighetserklæring frå revisor samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

#### **4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA**

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker.

#### **4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL**

Kontrollutvalet handsama hausten 2010 framlegg til totalbudsjett for internt tilsyn og kontroll for 2011. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 620 400.

#### **4.7 SEKRETARIAT**

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2010, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Selskapet er eigd av 10 deltakarkommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Ny dagleg leiar tok til i oktober.

---

## 5. OPPSUMMERING

---

Aktiviteten i 2010 har vore noko mindre enn planlagt. Året har vore prega av uvisse kring framtidig revisjonsordning. Ved sekretariatet har tilsetting av ny dagleg leiar ført til redusert kapasitet i perioden juli – oktober.

\*\*\*

Ølen, 23. februar 2011

Øyvind Haraldseid  
(sign.)

Karin Kolltveit  
(sign.)

Margrete Veim  
(sign.)

Nils Terje Oma  
(sign.)

Per Bakkedal  
(sign.)

---

OVERSIKT OVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

---

**Saker til handsaming**

01/10	Godkjenning av protokoll frå møte 21.10.09
02/10	Referatsaker 10.03.10 (1-8)
03/10	Selskapskontroll 2010
04/10	Kontrollutvalet si årsmelding for 2009
05/10	Byggjesak - sakshandsaming
06/10	Godkjenning av protokoll frå møte 10.03.10
07/10	Referatsaker 19.05.10 (1-4)
08/10	Uttale til rekneskap 2010
09/10	Godkjenning av protokoll frå 19.05.10
10/10	Referatsaker 11.11.10 (1-8)
11/10	Orientering 2 tertialrapport 2010
12/10	Budsjett 2011 – kontroll og tilsyn – kontrollutvalet sitt budsjettframlegg
13/10	Status revisjonsrapportar
14/10	Presentasjon av overordna revisjonsstrategi for 2010)